



Kultur- og kirke departementet
Postboks 8030 Dep
0030 OSLO

Høyring - NOU 2006: 15 Frivillighetsregister

Vi viser til høyringsbrev av 24.08.2006 om Frivillighetsregister (NOU 2006:15).

Lotteri- og stiftelsestilsynet har vore representert i arbeidsgruppa og vi støttar etableringa av eit frivillighetsregister. Den tredje sektor er så omfattande og viktig i norsk samfunnsliv at den berettigar oppretting av eit register som kan gi myndigheiter, frivillig sektor sjølv og andre brukarar eit samla oversyn. Vi er samde i at formåla med eit frivillighetsregister vil vere: opplysningsbankfunksjonen, politikkkutformingsfunksjonen, legitimeringsfunksjonen og forskingsfunksjonen.

I det følgjande vil vi kommentere nokre tema som vi meiner departementet bør leggje vekt på i det vidare arbeidet med å etablere eit register med tilhøyrande funksjonar.

1. Nytteverdi for frivillig sektor og registreringsvilje/betalingsvilje

Det er lagt opp til at registrering skal vere frivillig. Ein avgjerande suksessfaktor vil derfor vere at der er sterke nok insentiv for frivillig sektor til at dei vel å registrere seg. Det skal, slik finansieringa er tenkt, betalast ei årleg avgift for å vere registrert. Med desse føresetnadene vil der vere eit insentiv til å registrere seg berre dersom nytteverdien av å stå i registeret er lik eller større enn kostnaden ved å betale den årlege avgifta.

Vi er ikkje overtydde om at insentiva for frivillig sektor er sterke nok. Det vil etter vårt syn vere positivt med omsyn til at registeret skal vere så fullstendig som mogeleg om ein greier å knyte fleire nytteeffektar for frivillig sektor opp mot registeret/registrering. Dei formåla med registeret som er omtalt gir i relativt stor grad nytteverdi for offentleg sektor og til ein viss grad privat sektor. Det er avgjerande at også frivillig sektor, store og små einingar, kan sjå ein klar nytteverdi.

Nytteeffektar for frivillig sektor kan vere knytt til det å skaffe seg rettar av ulike slag. Til dømes kan det stillast krav om at ein må vere registrert for å kunne søkje om midlar frå frifond. Liknande krav kan stillast ved søknad om andre offentlege midlar og rettar, t.d. rett til å skaffe seg inntekter frå lotteriverksemd. Vidare kan ein vurdere tiltak som automatisk og ev. gratis overføring frå Lotteriregisteret for godkjende lotteriverdige organisasjonar. Ein kan sjå på om automatisk overføring frå paraplyorganisasjonane kan gjennomførast og om ein kan leggje til rette for rasjonell registrering (t.d. masseinnmelding frå paraplyorganisasjon, sjølvbetjening på web osv.) for å redusere kostnad og dermed påverke storleiken på gebyr.



2. Finansieringa av registeret

Om det skulle vere slik at det er offentleg sektor som får den dominerande nytteverdien av registeret, så kan dette vere eit argument for at kostnadene ved utvikling og drift vert dekt direkte over statsbudsjettet. Ved slik finansiering ville samtidig behovet for klare insentiv for frivillig sektor bli vesentleg redusert, og ein ville lettare kunne få eit fullstendig register. Krittisk suksessfaktor for den valte finansieringsmodellen med innmeldingsavgift og årsavgift vil såleis også vere insentiva til registrering som omtalt i førre punkt.

Vidare når det gjeld finansieringsmodell vil vi påpeike at dei avgiftssatsane som er omtalt i utgreiinga er relativt låge i ein innkrevjingssamanheng. Pengar som går med til å dekkje opp for sjølve innkrevjinga gir ingen nytteverdi for registeret, registerførar og brukarar. Når ein opererer med gebyrstørleikar heilt ned i 130 kroner vil vi meine at det som regel, når ein skal handtere ordinær innkrevjing, vil gå med ein uforholdsmessig stor del av beløpet til å dekkje opp for sjølve innkrevjingskostnaden. Det er muleg ein bør sjå på alternative modellar som kan redusere mengda faktura, til dømes kan ein vurdere å nytte samlefaktura til sentralledd. Nemnde døme vil på den annan side kunne medføre andre praktiske utfordringar.

3. Brønnøysundregistra og Lotteri- og stiftelsestilsynet sine roller

Brønnøysundregistra er tiltenkt ansvaret for utvikling og etablering av registeret, jf. St.prp. nr. 1 (2006-2007). Dette finn vi naturleg på bakgrunn av den kompetansen Brønnøysund har på systemutvikling for registerløyningar.

I det vidare arbeidet med etablering og seinare drifting tilrår vi at både Brønnøysundregistra og Lotteri- og stiftelsestilsynet vert tillagt roller. Vi finn det naturleg at registeret vert lagt til Brønnøysund med den kompetanse på registerutvikling og -drift som finst der. Når det gjeld sakshandsamingsfunksjonane vil vi tilrå at desse vert lagt til Lotteri- og stiftelsestilsynet. Modellen vil likne på den vi har for Lotteriregisteret.

Hovudargumentet for å leggje sakshandsamingsfunksjonane til Førde er at Lotteri- og stiftelsestilsynet har ein god sakshandsamarkompetanse i høve til handtering av frivilligheits-Norge, både innan lotteriområdet og stiftelsesområdet. Sakshandsamingsfunksjonane er, som omtalt i utgreiinga, knytt til klassifisering og tildeling av eventuelle rettar. Vi meiner der også vil vere ein del jobb og systembehov knytt til kvalitetssikring på registrerte data for at registeret skal kunne ha ein optimal nytteverdi som opplysningsbank og for politikkkutforming og forskning. I tillegg til desse funksjonane vil der etter vår vurdering vere ein del oppgåver knytt til rapportproduksjon og analyse til støtte for politikkkutforming og forskning. Eit ytterlegare moment er at Lotteri- og stiftelsestilsynet ligg under Kultur- og kyrkjedepartementet og at registeret såleis kan innarbeidast i styringsdialogen til eigardepartementet. Vi vil tru at eigardepartementets målstyring av funksjonar rundt registeret vil vere vesentleg.

Om ein vel den modellen vi her skisserer vil vi sjå det som ønskjeleg at vi kjem på bana og etablerer eit samarbeid med Brønnøysundregistra tidleg i det vidare arbeidet. Vi vil då



ønskje å kome med ein del innspel på korleis ein bør byggje opp brukarvennlege løysingar og praktiske løysingar for registerførar.

Samarbeidet mellom miljøa i Førde og Brønnøysund er med dei endringar som skjer i automatmarknaden neste år klar for nye utfordringar. Ved å gjere nytte av kompetansen i begge dei to verksemdene vil ein samla sett få det beste resultatet for eit frivilligheitsregister.

Med helsing

Atle Hamar
direktør

Berit Hovland
avdelingsdirektør